Rogaland

# Årsmeldinga 2022



Rogalandsbenken på Bygdekvinnelagets landsmøte i Bergen



**LOKALMAT**

coop

**I Norge har vi mange fantastiske råvarer og spennende sesonger. Coop støtter norsk matproduksjon og tilbyr deg flere lokale varer.**

# Innhald

Norges Bygdekvinnelags song .................... 4
Helsing frå distriktsleiar .................... 5
Styret i Rogaland Bygdekvinnelag 2022 .................... 7
Soneinndeling .................... 7
Representantar i nemnder og utval i Rogaland Bygdekvinnelag 2022- 2023 .................... 8
Æresmedlemmer i Rogaland Bygdekvinnelag .................... 9
Representasjon 2022 .................... 10
Arbeid i distriktsstyret .................... 13
Protokoll frå Rogaland Bygdekvinnelags årsmøte 2022 .................... 15
Referat frå Landsmøte i Norges Bygdekvinnelag .................... 22
Motivasjonssamlinga for bygdekvinnenene i Rogaland, Aust- og Vest Agder .................... 25
Årsmelding Bygdekvinner deler matglede .................... 30
Medlemsutvikling Rogaland Bygdekvinnelag .................... 32
Lokallagsleiarane 2022 .................... 33
U-landsutvalet .................... 34
Rekneskap og budsjett 2022 .................... 37

## Norges Bygdekvinnelags song

Tekst: Mona Skrede

Mel.: Sov du vesle spire ung

Norges Bygdekvinnelag løfter høgt si fana
Brukar tida dag for dag alltid er på bana.
Kvinner vil og kvinner kan, byggjer bru, gå hand i hand.
for eit trygt og velstelt land vi til kamp vil mana.

Jorda vår med alt som gror, den er fundamentet,
for alt liv og mat på bord, vi frå den må hente.
Bruk den rett – vår bodskap stor; Reint miljø er meir enn ord.
Handling, tæl og kurs og ror, vi kan ikkje vente.

Heim, familieliv så visst er vårt mål å freda.
Born som fødest, veks og trivst. Livets største gleda!
Skulen vår og god kultur, arbeidsplassar der vi bur.
Flukta bort frå bygda snur. Kvinner har idéar.

Utan kvinner er det sagt, Bygde-noreg stansar
Difor trengs det dagleg vakt, kløkt og opne sansar.
Kvinners rett vi fram skal stri. Og, vi vil i bygda bli!
Vår ressurs til landet gi. Arbeidskraft og ansvar.

## Helsing frå distriktsleiar.



*Marianne Jøsang på Tanavassdraget*

**Kjære bygdekvinner**

Det er med stor iver eg ser tilbake på 2022, der det var stor aktivitet, og mykje godt arbeid som vart nedlagt. Å få vere leiar for dykk flittige bygdekvinner i Rogaland, gjer meg glad.
Nokre brukte kanskje litt tid på å kome i rutine igjen, etter pandemien, som framleis går i bølger. Og av den grunn forstår eg at de framleis vil vere forsiktige.
På tross av dette har det skjedd mykje gjennom året, både når det gjeld handarbeid, matlaging, og andre aktivitetar, kurs og foredrag.

Det som er ekstra stor stas, er at mange nyttar nettsida til å dele, og vise fram, med tekst og bilete. Kjekt å sjå at de vågar å prøve. Nettsida har etter kvart vorte lettare å handtere, og dermed enklare for fleire lokallag å vere med. Skulle de framleis trengje tips, kan de sjå korleis Sirdal Bygdekvinnelag bruker si nettside.
Å dele på Facebook ser ut til å gå som ein draum.

Å søkje støtte til lokallaga har vorte meir aktuelt enn før. I februar var me på Teams saman med Studieforbundet «kultur og tradisjon», der me vart introduserte i korleis søkje støtte til kurs. Ein god moglegheit for å skapa liv i lokallaga, som eg håpar fleire har, og kan nytta seg av. Finn de andre moglege utvegar å søkje støtte, er det berre å gripe fatt.

Turar i lokalmiljøa er de gode på. Eg har sitt bilete på Facebook frå mange flotte stader i Rogaland, takka vere dykk. Dette skapar trivsel, og god helse. Kanskje til og med lokke med nye medlemer. Hald fram slik.

Landsmøtet gjekk føre seg i Bergen 10.-11. juni, med godt frammøte frå Rogaland. Det var stort engasjement i sakene, der ei av dei var frå Suldal og Sand Bygdekvinnelag, og omhandla kontingenten. Det er nå sett eit arbeidsutval for å utarbeide høyring på korleis distriktsstyra og sentralstyret kan fungere i framtida. Ei av dei som er med, er Solveig Marie Ådneram som

er nestleiar i Rogaland Bygdekvinnelag.

Å få vere leiar på motivasjonssamlinga i november, der både Aust Agder, Vest Agder og Rogaland var i lag, gav meg positive frysningar på ryggen. Inspirasjonen og motivasjonen me fekk frå kvarandre desse to dagane, er eg sikker på sit i hos dykk endå. Så viktig å kunne laga felles samlingar.

Prosjektet Bygdekvinner Deler Mat Gleder er vorte til historie, som er vel lagra både på nettsida vår, og på Facebook. Takka vere Gjensidigestiftelsen som har gitt støtte til prosjektet, har dette bidratt til både meir aktivitet og fleire medlemer. Alle som vil kan finne Sluttrapporten på vår heimeside, og gjerne nytte den, om de vil.

I desember fekk me på ny tildelt 600 000 kr frå Gjensidigestiftelsen, til det nye prosjektet Bygdekvinner Nyt(t)er Maten (BNM). At dei valte oss ut endå ein gong, er me kjempeglad for. Med same arbeidsutval som før er trua høg på at dette går like godt som førre prosjekt.

Det som er positivt for lokallaga er heilt klart å vere med å laga liv i bygdene. Det er ein god måte å skape trivsel og samhald, som igjen fører til inkludering og auka medlemstal. Håper mange set pris på det bygdekvinnene gjer og melder seg inn i Norges Bygdekvinnelag.
Eg gler meg til å sjå kva året vil bringa, saman med andre bygdekvinner.
Ynskjer dykk lukka til med 2023.

Helsing frå leiar i Rogaland Bygdekvinnelag
Marianne M Jøsang

## Styret i Rogaland Bygdekvinnelag 2022

| | |
|---|---|
| ***Leiar* Marianne Jøsang** | ***Styremedlem* Gro Mabel Anda** |
| Suldalseidvegen 311, 4237 Suldalsosen | Kjengaren 76, 4352 Kleppe |
| E-post e-post: marianne.m.josang@gmail.com | E-post - Gromabel.anda62@gmail.com |
| ***Nestleder:* Solveig Marie Ådneram** | ***Bondelaget sin rep*. Silje Kristin Bekkeheien** |
| Adr. Sirdalsveien 8890 4443 Tjørhomv | skbekkeheien@gmail.com |
| Epost: solveig.adneram@gmail.com | ***Bygdeungdomslaget sin rep:*** |
| ***Styremedlem* Margrete Tytland*svik*** | ***1. Vararepresentant* Alice Tengesdal** |
| Fisterhammaren 21 4139 Fister | Epost: alicetengesdal@gmail.com |
| E-post: margretetyt@gmail.com | ***2. Vararepresentant*** Liv Siqveland Borgersen |
| ***Styremedlem* Inga Lill Håkull** | per.kare.haaland@lyse.net |
| Lensmannsveien 29, 5574 Skjold | ***2. Vararepresentant*** Åslaug Årsland Grude |
| Epost: karluf.hakull@outlook.com | Epost: aaslauggrude@gmail.com |

## Soneinndeling

*Sone1:* Bjerkreim, Heskestad, Helleland, Lund, Sirdal

*Sone 2:* Bore, Klepp, Orre, Nærbø, Time, Varhaug

*Sone 3:* Gjesdal, Fjellbygda, Sandnes, Sola, Randaberg

*Sone 4:* Erfjord, Hjelmeland, Ropeidhalvøya, Sand, Sjernarøy, Suldal

*Sone 5:* Imsland, Skjold, Skåre, Tysvær, Vats

## Representantar i nemnder og utval i Rogaland Bygdekvinnelag 2022- 2023

**Arbeidsutval:**

Marianne Mørk Jøsang,
Solveig Marie Ådneram

Fylkeskontoret

**Repr. i styret til Rogaland Bondelag:**

Inga Lill Håkull

**Repr. i styret til Rogaland Bygdeungdomslag**

Solveig Marie Ådneram

**Presseutval/kontakt:** Arbeidsutvalet

**Nettredaktør:**

Aslaug Sandanger

**Ansvarlege Bygdekvinner deler matglede**

Astrid Lund Folkvord / Gro Mabel Anda

**Repr. i U-landsutvalet:**

Heidi Netland Berge og Marie Bergsholm Brunes

**Økonomisk ansvarleg:**

Jæren rekneskapslag

Kontaktperson: Gro Mabel Anda

**Sekretær:** Are Hauge Braaten

**Revisorar i RBK:**

Dagny Joa Skjelvik

Hege Brattebø

vara Inger Nilsen

## Æresmedlemmer i Rogaland Bygdekvinnelag

Myrthel Grødem, Nærbø, frå 1992

Tidlegare fylkesleiar Asta Orre gjekk bort i 2022. Me lyser fred over hennar minne.




**JUBILEUM I LOKALLAGA I 2022**
Erfjord 65 år
Gjesdal 95 år
Skåre 95 år

**JUBILEUM I LOKALLAGA I 2023**
Helleland 75 år
Lund 75 år
Randaberg 85 år
Sand 85 år

**JUBILEUM I LOKALLAGA I 2023**
Heskestad 95 år
Sirdal 25 år
Sola 85 år
Suldal 55 pr

Representasjon 2022

## Marianne Jøsang, leiar

Delteke på 6 styremøte digitalt og 4 styremøte fysisk i RBK

Kurs med studieforbundet 1.febr

Delteke på årsmøtet i Eigersund, 25-26 mars 2022

Delteke på 6 fysiske styremøte, og 4 teamsmøte.

Delteke på eit temamøte for distriktsleiarane.

Delteke på 4 teamsmøte, og ei samling med BDMG

Delteke på Landsmøte i Bergen 10-11 jun.

Leia motivasjonssamling 19-20 nov. på Forus

Delteke frå RBK, julemøte Suldal Bygdekvinnelag, 13.des.

## Solveig Marie Ådneram, nestleiar

Delteke på 10 styremøte i RBK

Distriktsleiarsamling NBK, 22.april

Landsmøte NBK, Bergen, 10.-11.juni

Motivasjonssamling Rogaland-, Aust-Agder- og Vest-Agder bygdekvinnelag

Arbeidsgruppe NBK 2022/2023

Årsmøte til Sirdal Bygdekvinnelag

## Margrethe Tytlandsvik, styremedlem

Styremøter totalt;  deltatt på 6 digitale & 4 fysiske

Motivasjonssamling Rogaland-, Aust-Agder- og Vest-Agder bygdekvinnelag

Delteke på Landsmøte i Bergen 10-11 jun.

Lokallagsårsmøte

## Inga Lill Håkull, styremedlem

Har deltatt på 10 av 10 av RBK's styremøter i arbeidsåret 2022

6 fysiske  & 4 Teams

Møter i regi av prosjektet BDMG  Sonemøte mars -23.

**2022:**

15.03.  -  Fellessamling i regi av prosjektet BDMG

29.03.  -  Styremøte

19.04.   - Styremøte

26.04.  -  Fellessamling i regi av prosjektet BDMG

04.05.  -  Imsland Bygdekvinnelag – Prosjekt BDMG

24.05.  -  Styremøte

10 & 11.06  –  NBK's Landsmøte i Bergen

14.06.   -  Styremøte

23.08.   -  Styremøte

20.09.  -  Styremøte

18.10.   -  Styremøte

17.11.   -  Rogalandsgarden i Kamerun sin 60 års markering

19 & 20.11.  – Motivasjon- og organisasjonskurs – Scandic Forus

29.11.   -  Styremøte

**2023:**

11.01.  -  Styremøte

14.02.  -  Styremøte

09.03.  -  Sonemøte – Sone 5, arrangør Imsland bygdekvinnelag.

24 & 25.03  -  Årsmøte – Bryne Kro & Motell

**Rogaland Bondelag – Arbeidsåret 2022**

Deltatt på samlege styremøte gjennom året.

Organisasjonskurs & Distriktsmøte i Nordfylket,

samt årsmøte 17 & 18 mars 2023 på Stavanger Scandic Forus.

## Gro Mabel Anda, styremedlem

**Representasjon som styremedlem RBK:**

Deltatt på 6 styremøte fysisk og 5 styremøte digitalt

15. februar møte med revisorene

20. februar 4H Årsmøte digitalt

10.-11. juni Landsmøte NBK Bergen

28. september Nærbø BKL årsmøte

19. oktober Klepp BKL årsmøte

19.-20. november Inspirasjons/motivasjonssamsamling

20. desember deltok i NRK Rogaland Lokalen – tema: Bakt de 7 slaga til jul

**Representasjon for Bygdekvinner deler matglede (BDMG):**

6 møter (fysisk) i Arbeidsutvalet, samt 7 møter vedrørande evaluering/søknad

29. januar besøkt prosjektet til Lund – pølsemakarkurs

15. mars samling med de lokale prosjekta i Stavanger

25. mars besøkt prosjektet til Sola «Kaffikoppen» på Stangelandsenteret

26. april Samling i Stavanger – Skal vi søke nytt prosjekt (BNM) i RBK

10. mai Årskonferanse Gjensidigestiftelsen digitalt

25. oktober AU samling Stavanger

## Aslaug Sandanger, styremedlem

7 av 10 distriktsstyremøter

Landsmøte i Bergen,

Motivasjonsseminaret på Scandic, Forus

3 årsmøte i lokallaga- Gjesdal, Sandnes og Sola Bygdekvinnelag.

Arbeider med nettsida

## Arbeid i distriktsstyret

Distriktsstyret har hatt eit aktivt og bra arbeidsår utan nokon restriksjonar sidan sist årsmøte i Egersund.
Me har fullført våre planar i følgje oppsett arbeidsplan og det er me særs fornøgde med.
Me har gjennomført totalt 10 styremøte, der 6 var fysiske og 4 over Teams.
Det er blitt handsama 32 saker.
Me er veldig heldige og glad for at Gro Mabel Anda tek seg av økonomien vår, og har ei «stø hand» på den. Tusen takk til sekretær Are Hauge Braaten, som held kontrollen på all innkomen post, e-poster og møter, og ikkje minst oss styremedlemmer.

**DISTRIKTSÅRSMØTE I ROGALAND BYGDEKVINNELAG 18. og 19. MARS**

Årsmøtet denne gonga gjekk av stabelen i Egersund. Bra frammøte frå stort sett alle lokallaga. Bra gjennomført årsmøte med gode diskusjonar undervegs. Ordstyrar for dagen var Margunn Nedrebø. Noko forfall frå styret grunna sjukdom, men me andre styremedlemmer fekk årsmøte vell i hamn.
Stor takk til Lund og Heskestad Bygdekvinnelag som var vertskap for ein flott festkveld med mykje godt program.

**LANDSMØTE - NORGES BYGDEKVINNELAG – 10. OG 11. JUNI 2022:**

Norges Bygdekvinnelag arrangerte sitt Landsmøte på Flesland v/Bergen desse dagane. Eit samla distriktsstyre deltok, og me fekk ei flott oppleving i lag med mange andre bygdekvinner frå vårt vidstrakte land. Det blei også lagt opp til «bli kjent tur» i nærområdet.
Under Landsmøtet var det mange gode innspel å ta med seg heimatt, samt mange saker som vart diskutert og fatta vedtak på. Me fekk inn endringsforslag på «Politisk plattform» og «Arbeidsplan», var med på å påverka at me fekk innført UNG40, og ang saka «Organisasjonsstrukturen» blei det vedteke at ei arbeidsgruppe skal sjå på dette.
Høgdepunktet under festkvelden var Linda Eide! Ei utruleg flott og morosam dame.
All ros til Norges Bygdekvinnelag og Hordaland Bygdekvinnelag for eit flott Landsmøte.

**MATPROSJEKTET BDMG – BYGDEKVINNELAGET DELER MATGLEDER**

Prosjektet vårt som strekte seg over 3 år er nå i hamn.
Alle lokallaga som hadde meldt si interesse gjennomførte sine prosjekter innan fristen til punkt og prikke. Gratulerer alle saman.
Ein stor takk til dykk i arbeidsgruppa (AU) v/Astrid Folkvord i spissen og ikkje minst til økonomiansvarleg for prosjektet Gro Mabel Anda.

**MOTIVASJONS- OG ORGANISASJONSKURS FOR BYGDEKVINNER I ROGALAND, VEST-AGDER OG AUST-AGDER**
**– 19. OG 20. NOVEMBER 2022 PÅ SCANDIC HOTELL – FORUS**

Rogaland Bygdekvinnelag var vertskap og hadde denne gonga bedt med seg bygdekvinner frå både Aust-Agder og Vest-Agder bygdekvinnelag. Me var samla til saman 80 bygdekvinner.
Det var ei veldig kjekk og givande helg saman.
Arrangøren hadde fått med seg mange flinke foredragshaldarar.
Sjå eige skriv om helga i årsmeldinga.

**AKTIVITET**
Distriktsstyret rettar ein stor takk til alle lokallaga som også dette arbeidsåret har haldt høg og god aktivitet i laga sine. Kjekt å sjå alle dei ulike arrangementa og kreativiteten rundt omkring. De gjer ein veldig god jobb!
Ein ekstra takk til dei av lokallaga som har vore med prosjektet BDMG og fått gjennomført arrangementa sine i god tid innan fristen.

**ROGALAND 4H OG ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG**
Distriktsstyret sin utsending, Marianne Jøsang, har gjennom dette arbeidsåret hatt ein god og jamn kontakt med desse. Distriktsstyret har bl.a. vore presentert ved deira årsmøte etc. Bygdeungdomslaget har blant anna vore ein del av prosjektet Bygdekvinner deler matgleder.

**ROGALAND BONDELAG**
Distriktsstyrets utsending til Bondelaget, Inga Lill Håkull, har vore til stades på alle deira styremøte, både fysisk og på teams, samt organisasjonskurs, Distriktsmøte i Nordfylket, samt Årsmøte 2023.

**ROGALANDSGARDEN I KAMERUN**
Sambolabo kunne feira sitt 60 års jubileum i 2022.
Inga Lill Håkull representerte RBK i denne samanheng.
Det blei sagt nokon velvalte ord samt overrekking av ein fin blomsterbukett frå RBK.

**BREV**
Som de alle har merka dykk, så er det gjort vedtak på at RBK-Nytt ikkje lenger vert nytta. I staden sendar distriktsleiaren – på vegne av styret ut Påske – Sommar og Julehelsing til lokallagsleiaren i kvart lag som dei igjen må vidareformidla til sine lokallags medlemmer.

*Skrevet av Inga Lill Haakull og Solveig Marie Ådneram*

# Protokoll frå Rogaland Bygdekvinnelags årsmøte 2022

Årsmøtet var haldt på Grand hotell, Egersund, laurdag 19.mars 2022.

Ordstyrer Margunn Nedrebø, opna møtet.

Hanne Hofsmo opna med ein flott morgon tekst.

Ordstyrar leste opp formålsparagrafen.

**<u>Årsmøtesaker</u>**

a) Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og saksliste vart godkjende.

b)Val av to til å skriva under møteboka/protokollen

Møyfrid Rott, Sola BK, Mette Vatland, Ropeidhalvøya BK, vart valde til å signere protokollen

Sekretæren tok opprop, det var 4 forfall og 44 med røysterett, 1 observatør. Unni Skadsem nr 12 frå NBK er utan stemmerett.

Leiar Marianne Jøsang haldt minnestund for æresmedlem Martha Bergjord, som døydde i fjor.

**Leiars tale ved Marianne Jøsang**

**Generaldebatt**

11 Åslaug Årsland Grude: takk for god og innhaldsrik tale, årsmøte til Bondelaget, matjord, få med ungdommen, glad for å være medlem, bonde = mannsdomminerande, bra med ein organisasjon som ikkje er det, NBK på nyheitene, heia på oss sjølv.

8 Astrid Hammersmark: takk for flott tale, stolt av å vera medlem, bra det som Unni Skadsem sa i går, tydeleg, takke RBK for hjelpa når eg blei sjuk, betyr mykje, fekk god hjelp av gode bygdekvinner.

25 Mette Vatland: alle medlem burde fått høyrt kva Unni sa i går, det er så viktig, verveveker i byrjinga av året kjem litt brått på, takk for god tale Marianne.

21 Marianne Jøsang: verving heile året, aktivitetar som fenger dei fleste.

Replikk 11 Åslaug Årsland Grude: verving, telefon frå folk som vil bli medlem, bruker ikkje ei veke til verving, heile året, årsmøtet er flott å ha i oktober, blir travelt på våren med mange årsmøter.

18 May Sissel Nodland: følger RBK på Facebook, trykker liker, være aktiv på det du vil ha på sosiale media (SoMe), utfordrande å nå ut til folk og medlemmer, forskjellige kanalar å nå ut til folk, gratis å annonsere i Bondevennen, digitalt tatlemøte var bra.

14 Tonje Nærland Kloster: takk for flott tale, logoen, var med i ressursgruppa, brukt mykje tid på den, mange møter, givande, plukka frå kvarandre organisasjonen, kva står det for, kjekt å sjå resultatet, bra resultat som viser kva me står for, les infoen om kva logoen står for, skal trykke opp forkle. Har mista medlemmer, korona har skylda, men får og nye medlemmer, viktig å vera synleg, bygdekvinneveka i august, vervebrosjyrer, vinkvelder kjem mange som ikkje er medlem; «Svin og vin», halvparten av frammøtte ikkje medlemmer, i år blir det «Vin og høne», bra leders tale.

27 Grete Holmboe: stolt over å vera medlem, betaler kontingenten med glede, kvinnenettverket, stolt over eige lag, bra at NBK har teke tak i inkludering og integrering, saknar synlegheit i bilete av det som skjer, bra innlegg av Unni, me må inspirera kvarandre, flott tale Marianne.

8 Astrid Hammersmark: ordfører i Lund ba bygdekvinnene om å vær synlege, Heskestad har tradisjon med komlesundag med kyrkja, ikkje mogleg dei siste åra, men gjennomførte take-away som løysing, god publisitet i lokalmedia, synd at ikkje media er her,

37 Ellen Jensen Roaldkvam: spørsmål om når ein kan kommentera årsmeldinga.

29 Tone Østtveit Kvinen: kjekt å vera her, flott leiars tale, forteljar frå Sirdal, viktig å dela tips til aktivitetar, «Bli kjent i bygda» turar, for alle, suksessfaktor, kva skal vera opne arrangement og kva skal vera lukka, greitt med ein god blanding, nå ut til mange med opne arrangement, kontingent: forskjell på alder om det er for mykje eller om det er passeleg, får tilbakemelding frå fleire som meiner det er høgt i fht andre organisasjonar, ta det på alvor kva andre seier, kva ein kan gjera for å setta den ned, årsmøte i lokallaget på hausten er ikkje problematisk.

30 Åse-Berit Fidjeland: kvifor er det same pris for støttemedlem.

20 Margrete Tytlandsvik: prosjektet til Hafrsfjord jubileet, ullklutar, sy dei saman til segl, dugnad, interesserte må melda seg i utgangen av mars.

34 Møyfrid Rott: Sola har fått spørsmål om å bidra til jubileet til Hafrsfjord 9.juni-19.juni, lage til eit segl, vikingane, dugnad i heile landet for å laga lappane til seglet, informasjon og instruksjon finnes på nett, håndspunnet og veva. Takker for årsmøtet og kjekk kveld i går.

51 Tone Berg Aas: medlemslistene, får ikkje melding når nokon melder seg ut, er det mogleg å få til, takk for fin leiars tale.

12 Unni Skadsem: takk for gode innspel, og flott leiars tale, bra at Tonje nevnte logoen, grundig jobb, bruk logoen, medlemskontingent: 715 kr, kontingenten skal indeksreguleras, medlemsinntekta til NBK, dårlegare økonomi pga mindre medlemmer, vert då dårlegare tilbod, 2 mindre medlemsblad, «Kjerringa mot strømmen» grunderprisen må kuttast, stiftelsar gjer pengar til grasrota, oppfordrar lokallaga til å søka om pengar, NBK prøver å få sponsorar, Landkreditt 100 000, annan trend sentralt, UNG30 halvpris, støttemedlem var mykje dyrare, støttemedlem same pris, vert det billigare vil ein heller vera støttemedlem enn eit aktivt ordinært medlem, NBK saknar informasjon om jubileet frå RBK, medlemsregisteret: oversikt over innmeldte og utmeldte medlemmer. Medlemsregister kurs til hausten.

**<u>Sak 1. Årsmelding 2021</u> – gjennomgang ved Inga Lill Håkull**

Unni burde blitt nemnt i oversikten over at ho er representant frå Rogaland i NBK, og Margunn Nedrebø er representant frå Rogaland i valnemnda i NBK.

Sjekk at medlemstalet stemmer i oversikta, og meld frå til distriktslaget.

Debatt om årsmeldinga:

37 Ellen Jensen Roaldkvam: lurer på kva som høyrer heime i årsmeldinga, ikkje karteristikker, årsmelding bør vera kva som har skjedd og konkret referat, og ikkje kommentarar, dei kan heller koma som eit tillegg.

8 Astrid Hammersmark: er ikkje einige, det er interessant å få veta kva som har skjedd, det er mykje arbeid som er lagt ned for å laga årsmeldinga.

1 Anne Karin Hammer: Einige med Astrid Hammersmark, stor verdi og godt skrevet, og slik som er kjekt å lese, setter pris på det, håper det kan være rom for å fortelje det me driv med.

27 Grete Holmboe: ryddig med ei skrelt årsmelding, så kan det andre koma som ein annan form, for eksempel så kunne referat frå aktivitet blitt sendt etter kvart.

29 Tone Østtveit Kvinen: årsmelding er for internt bruk, som forteljar kva som har skjedd, årsrapport blir sendt inn sentralt og denne er skrelt ned til det mest nødvendige, stemmer dette?

12 Unni Skadsem: det er forskjell på årsmelding og årsrapport som Tone sa, ønskjer at årsmeldinga skal vera fyldig, med referata og alt som har skjedd, det er positivt å visa fram kva som har skjedd. I andre distriktslag er det og fyldige årsmeldingar.

**<u>Sak 2. Rekneskap 2021</u> – blei lest av alle grunna fråfall i styret**

Det var ingen kommentarar på rekneskapen.

11 Åslaug Årsland Grude: saknar noter, arbeidsgivaravgift, tilskot for kva.

18 May Sissel Nodland: viktig med orden på inntektene, kvifor er det ikkje kome inn tilskot frå Landbruksrådet Rogaland.

21 Marianne Jøsang: svar til May Sissel: støtte frå Landbruksrådet, me blei ikkje prioriterte, og fekk ikkje det dette året. Har budsjettert med det, og håper me får det igjen.

Ordstyrar Margunn Nedrebø: Neste år får me full momskompensasjon.

**Forslag til vedtak: årsmelding og rekneskap vert vedtatt med dei kommentarane som har kome.**

**Årsmelding:**

**Blank: 1**

**Stemte for 43**

**Rekneskap: alle stemte for, 44.**

<u>**Sak 3. innkomne saker.**</u>

3.1 Kontingent i Noregs Bygdekvinnelag, sak frå Sand og Suldal Bygdekvinnelag.

Inga Lill la fram saka.

27 Grete Holmboe: betaler med glede og veit om fordelane, ser at eldre medlemmer melder seg ut, kva medlemmar ønskjer ein?

34 Møyfrid Rott: saknar informasjon frå NBK om kva fordeler det er å vera medlem, reagerer på at lokallaga ikkje får noko lenger.

20 Margrete Tytlandsvik: lokallaga får ingenting, syns at kontingenten er høg, kva fordeler er det, slit med å forsvara den høge medlemskontingenten, andre organisasjonar har låg kontingent, lett å bli medlem då.

14 Tonje Nærland Kloster: einige med Møyfrid Rott, ein må kutta sentralt som blad, kva vert pengane brukt til, kva vert det brukt til i regionlaget, ein trur ennå at ein må vera bonde for å vera medlem i NBK, UNG30 – det må vera konkretisert ved innmelding.

48 Mariann Tjørn: det er mykje i ein eingongssum, men det vert ikkje mykje i månaden.

39 Ingrid Haugstad Håland: det er mange som ikkje har råd, ein finn fordeler på nettsida, Time BK har skrevet dette i ein eigen brosjyre.

34 Møyfrid Rott: det er viktig med integrering, det er mykje for dei å betala for å bli medlem.

27 Grete Holmboe: det er ikkje stor forskjell på ein minstepensjonist og våre nye landsmenn, det var bevisst å ikkje la det vera eit tema i dette innspelet.

12 Unni Skadsem: mykje av medlemskontingenten går til drift (lønn), ha forskjell på pris på arrangement (medlem og ikkje medlem), det er ikkje kontingenten som avgjer om ein vert medlem men aktiviteten, oppfordrar lokallaga til å skriva opp fordelane med å vera medlem, vis igjen kva ein får igjen for å vera medlem, det går an å indeksregulera anna kvart år, skal me tilby billigare medlemskontingent for dei mellom 30 og 40 år?

24 Håkon Goa: anbefaler å bruka sekretariatet meir aktivt, ting vert dyrare.

Replikk: 22 Solveig Marie Ådneram: når det blei endring i kontingenten, jobba RBK for og under landsmøtet at den ikkje skulle bli endå dyrare, laga må benytta seg av alle moglegheiter som kjem frå sentralt til å få pengar til aktivitet i forbindelse med prosjekter, det same har RBK gjort i BDMG, så her må laga søke etter pengar og auka aktiviteten.

3 Siri Margrethe Byberg: sjå på andre organisasjonar, korleis gjer dei det, Saniteten tek 500 kr for å vera medlem, ein må gjera ein jobb å verve nye medlemmer, når har ein tid til å vera aktiv (i forhold til alder), skulle ein endra UNG-perioden?, når ein vil noko så er ikkje 715 kr så mykje, mens er du passivt medlem så er det mykje, arbeida for at dei unge medlemmane vert medlem, kvifor får ikkje lokallaga noko tilbake?

Replikk 22 Solveig Marie Ådneram: lokallaga fekk tidlegare lite (eller ingenting) igjen frå kontingenten, så det var enkelt å fjerna den under saken på Landsmøtet.

**Vedtak: Årsmøtet i Rogaland bygdekvinnelag ber Rogaland bygdekvinnelag om å laga ein sak til landsmøtet der dei ser på kontingenten på ny, serg om det er mogleg å redusere/fryse kontingenten.**

Stemmer: 44 for å sende saken til landsmøtet

3.2 valnemndas oppbygging:

Saken blei lagt fram av Solveig Marie Ådneram.

1 Ann Karin Hammer: kjenner ikkje så mange frå andre soner, har nok med eigen sone å finna dei beste kandidatane.

**Forslag til vedtak: Styret lager sak, og sender saken ut på høyring.**

**<u>Sak 4. Arbeidsplan 2022-2023 lagt fram av Margrete Tytlandsvik</u>**

Debatt om arbeidsplan:

27 Grete Holmboe: flott arbeidsplan, men etterlyser ein synleggjering av Kvinner Ut og NBK sine prosjekt.

**Vedtak: Arbeidsplanen er einstemmig godkjent.**

**Sak 5 – Budsjett 2021 vart lagt fram av Marianne Jøsang**

18 May Sissel Nodland: kan ikkje godkjenna eit underskotsbudsjett, må få inn midlar frå Landbruksrådet i budsjettet.

22 Solveig Marie Ådneram: ber om at Rogaland Bondelag hjelper med å legga press på Landbruksrådet sånn at ein kan få midlar.

37 Ellen Jensen Roaldkvam: kvifor kostar lokallagssamlinga 100 000.

Fekk svar at dette vert ført både som utgifter og inntekter, og at lokallaga betaler ein del av dette.

**Stemt over: 30 000 kr med midlar frå Landbruksrådet blei einstemmig bestemt at det skulle inn i styret.**

**Vedtak: Budsjett vart godkjent med dei endringane som blei gjort. Enstemming**

**Sak 6. Val vart lagt fram av Gerd Haugsland Kolstø frå valnenmda**

*Val av styre i Rogaland Bygdekvinnelag:*

| | | |
|---|---|---|
| Leiar: | Marianne Jøssang | (1 år) attval 42 for, 2 blank |
| Nestleiar: | Solveig Marie Ådneram | (1 år) attval, 43 for, 1 blank |
| Styremedlem (sone 1) | Solveig Marie Ådneram | (ikkje på val) |
| Styremedlem (sone 2) | Gro Mabel Anda | (attval) attval, 43 for, 1 blank |
| Styremedlem (sone 3) | Aslaug Sandanger | (2 år, ny) ny, 43 for, 1 blank |
| Styremedlem (sone 4) | Margrete Tytlandsvik | (ikkje på val) |
| Styremedlem (sone 5) | Inga Lill Håkull | (attval 1 år) attval, 40 for, 4 blank |

Vararepresentantar til fylkesstyre, alle for 1 år:

| | | |
|---|---|---|
| 1. vararepresentant: | Alice Tengesdal | (ny, sone 1) 42 for, 2 blank |
| 2. vararepresentant: | Liv Sikveland Borgersen | (ny, sone 3) Akklamasjon |
| 3. vararepresentant: | Åslaug Årsland Grude | (ny, sone 2) Akklamasjon |

Revisor i RBK:

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Dagny Skjelvik | (attval) | Akklamasjon |
| | Hege Brattebø | (ikkje på val) | |
| Vara revisor: | Inger Nilsen | (attval) | Akklamasjon |

Ordstyrar for årsmøte 2023:

Margunn Nedrebø Akklamasjon

Varaordstyrar: Astrid Hammersmark Akklamasjon

Valnemd til årsmøte 2023:

Sone 1 Anne Karin Hammer (attval) Akklamasjon

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vara | Anne Tollefsen | (attval) | Akklamasjon |
| Sone 2 | Catrine Grønvold | (rykka opp frå vara) | Akklamasjon |
| Vara | | | |
| Sone 3 | Gisken Hareland | (ikkje på val) | |
| Vara | Møyfrid Rott | (ikkje på val) | |
| Sone 4 | Gerd Haugsland Kolstø | (ikkje på val) | |
| Vara | Anne Margrethe Myhre | (ikkje på val) | |
| Sone 5 | Kari Bauge | (attval) | Akklamasjon |
| Vara | Liv Stine Thune Haakull | (attval) | Akklamasjon |

Leiar i valnemnda:

Benkeforslag frå distriktsstyret: Anne Karin Hammer Akklamasjon

Signert:

Solveig Marie Ådneram (referent) Margunn Nedrebø

Møyfrid Rott, Sola BK Mette Vatland, Ropeidhalvøya BK

Frå Rogaland Bygdekvinnelag møtte:
Marianne Jøsang, Gro Mabel Anda, Solveig Marie Ådneram, Inga
Lill Håkull, Margrete Tytlandsvik, Ann Karin Hammer, Aslaug Sandanger. I tillegg deltok Henrik Nordtun Gjertsen,- Norges Bygdeungdomslag, Marit Epletveit og Jakob Eskeland, -Norges Bondelag, Unni Skadsem,- Norges Bygdekvinnelag,
Margunn Nedrebø,- valnemnd.
